

Kunnskapsdepartementet  
postmottak@kd.dep.no

Dato: 30.05.2017

Vår ref.: 16/05045

Dykkar ref.: 16/7356

Sakshandsamar: Jannicke Eriksen  
67 23 50 50, opptak@hioa.no

## Høringsfråsegn – Forslag til endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning

Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) viser til brev frå Kunnskapsdepartementet (KD) 8. mars 2017, med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgre utdanning. Fakulteta og Studentparlamentet har fått høve til å uttale seg.

HiOA har ingen merknader til forslaget til endringar i § 7-13 i forskrifta.

Til forslaget til endringar i § 4-2 ønsker HiOA å prioritere KDs forslag i følgande rekkefølge:

1. Forslag 3 - Søkjaren må dokumentere minimum 35 skolepoeng og eit gjennomsnitt på karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) [...]
2. Forslag 2 - Søkjaren må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) ][...]

HiOA støttar ikkje innføring av alternativ 1, fordi vi meiner at tilstrekkelege ferdigheiter i norsk er viktigare enn eit spesielt opptakskrav i matematikk både for å gjennomføre sjukepleiarutdanninga og av omsyn til pasienttryggleiken.

HiOA ber KD om å vere omhyggeleg i vurderinga av alle konsekvensane av å innføre spesielle opptakskrav som verkemiddel for å styrke rekruttering og kvalitet i ulike utdanningar. Heving av kvalitet skjer først og fremst i sjølve utdanninga. Omsynet til tilstrekkeleg rekruttering til yrket må difor vegast opp mot andre forventa verknader av krava som blir foreslått.

Kunnskapsdepartementet tar sikte på at endringa skal tre i kraft frå og med opptaket hausten 2018. HiOA meiner at endringa tidlegst bør tre i kraft frå og med opptaket hausten 2019, for å gi søkarane rimelig tid til å områ seg.

Med venleg helsing  
Curt Rice  
rektor

Nina Waaler  
prorektor for utdanning

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*